

KAPITTEL 3 – HELIN

– Kven? spør Bjørk med store auge då Helin kjem på skulen og leverer den blå pakka.
 – Du så klart, svarar Helin og blunkar. – Nei, då. Du får vere min offisielle ven heile året!

Helin vil faktisk vere med på dette opplegget. Halde det hemmeleg, men ikkje av den koselege grunnen Tor hadde tenkt. Ho hadde kjent hjartet dunke då ho trekte lappen og bretta han ut, tenk om det var han! Han med den raude, heimestrikka genseren og det lyse håret som det ser ut som han har klipt heilt sjølv. Han nye. Liam. Ho har ikkje snakka med han enno, men har fått med seg at han er interessert i musikk. Og det ser ut som han drit i andre på ein god måte. At han er seg sjølv, berre.

Ho skulle gjerne bli betre kjent med han. Gjort noko fint for han. Som å vere hemmeleg ven. Og så skjedde det verste som kunne skje. At då ho med skjelvande fingrar bretta ut lappen, stod det feil namn der. Namnet på den største idioten i klassen, som hadde spurt om ho hadde mensen og ledd av henne i gymmen. Han ingen liker. Dennis.

Dennis, kven ville vel vere ven med ein slik dust, hemmeleg eller ikkje? Men ho hadde gjort som Tor sa, ordna ei gåve. Pakka henne inn i blått papir og skrive namnelapp på. Levert henne i gåvekorga dei skulle trekke frå. Korga stod bak eit skap i klasserommet, så ingen skulle sjå kva for ei pakke dei la oppi.

– Eg fekk Liam! kviskrar Bjørk altfor høgt. – Er han ikkje kjekk? Eg har gitt han heimestrikka sokkar med ein dusj av den nyaste parfymen min. Originalt, koseleg, varmt, og når han kjenner lukta av meg, kjem han til å assosiere alle dei tinga med meg. Eg ER jo original, koseleg og varm!
 – Visste ikkje at du kunne strikke, mumlar Helin. Viss det ikkje hadde vore akkurat Liam, kunne det vore morosamt. Kven ønsker seg vel parfymerte ullsokkar, liksom?
 – Eg har ikkje akkurat strikka dei sjølv, men nokon har strikka dei, seier Bjørk. – Det er vel ikkje poenget!

Typisk at Bjørk skulle trekke Liam. Og at ho berre buste ut med det. Helin kjente seg tung i magen.

Det hjelper ikkje akkurat at Dennis kjem forbi og gjer ekle rørsler med handa.
 – Æsj! freser Bjørk etter han, og han gliser tilbake under den svarte hetta.
 Han fortener slett ikkje gåva i blått papir. Godt ho ikkje har kjøpt noko dyrt.